

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
082/19	Plan- og miljøutvalet	PS	18.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Per Sveinar Morsund	19/1570

## Søknad om dispensasjon frå føresegn § 4.33 for oppføring av 2 naust - gbnr 83/1 Spjotøy

### Vedlegg :

Innspel og vurdering - KD-planKart-foto frå kommuneplanarb.Vedtak i PMU des. 2011Søknad om løyve til tiltak - gbnr 83/1 Spjotøy

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra for oppføring av 2 naust på område #10 Spjotøy sett av til LNF spreidd naust.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### Plan- og miljøutvalet - 082/19

#### PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 vert det gjeve dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra for oppføring av 2 naust på område #10 Spjotøy sett av til LNF spreidd naust.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje omsøkt og godkjent innan 3 år etter at vedtak om dispensasjon er

gitt, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

**Saksopplysningar:**

**Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Dersom Plan- og miljøutvalet gjev dispensasjon, skal vedtaket sendast til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

**Saksopplysningar**

Eigedom: 83/1

Tiltakshavar/eigar: Anna K Valle

**Saka gjeld**

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra for oppføring av 2 naust. Det følgjer av kommunedelplanen punkt 4.33 at det er tillate å føre opp eitt naust innanfor område #10 i planperioden. Tiltakshavar har søkt om dispensasjon for å bygge 2 naust.

**Nabovarsel**

Kommunen har vurdert at tiltaket ikkje treng nabovarsling då tiltakshavar er eigar av tilgrensande områder til #10 i kommunedelplanen.


**Planstatus**

Arealet ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsosane, Lurefjorden og Lygra er definert som spreidd naustbygging.

**Kart/Foto**

Oversiktskart

Utsnitt kommunedelplan



## Dispensasjon

Tiltakshavars grunngjeving for søknad om dispensasjon:

Då KDP var under arbeid søkte me om ei intern flytting av to naust innafor den reguleringsplanen som då var gjeldande for «Neset» hyttefelt.

Sakshandsamar rådde oss til å ta dette som eit innspel til KDP, og det vart gjort - jfr. vedlegga «Innspel og vurdering» og «Kart-foto frå KDP arb.»

Flyttinga av naustområdet vart stadfesta i PMU i des. 2011 – sjå vedl..

Så langt var alt greitt, men då Føresegnene vart skrivne står det under naustområde, pkt. 4.33:  
**Spjøtøy - #10 – Eit naust.**

**Her skulle det sjølvstgått stått : Spjøtøy - #10 - 2 naust.**

**Dispensasjonssøknaden gjeld kort og godt at naustområde #10 skal få den statusen det var meint å få gjennom KDP, eit naustområde med plass for 2 naust a 40 m<sup>2</sup>.**

Tilkomst til nausta er avklart.

## Uttale

Søknaden er sendt på høyring til Fylkesmannen i Vestland. Kommunen har ikkje motteke merknader til saka.

## Vurdering

### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2). Det vil seia at alle vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafør ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Kommunen har lest innspela og dei vurderingane som vart gjort i forbindelse med arbeid med KDP. Det går fram at tiltakshavar har levert innspel om flytting av 2 naust innanfor reguleringsplan for Neset hyttefelt (oppheva). Det går også fram av vurderingane til planavdelinga at dei støttar innspela og tek dei til følgje. Det går ikkje fram kvifor tal på naust frå forarbeida til vedteken plan er redusert frå 2 til 1 naust. Ein kan ikkje utelukke at dette har skjedd som følgje av ein feil. Størrelsen på avsett område i #10 støttar oppunder at det kan etablerast 2 naust då avsett areal er på ca. 100 m<sup>2</sup>. Bygging av 2 naust vil difor kunne skje innanfor det området det er opna for bygging, og ikkje ta meir areal i strandsona.

Det vart først søkt om endra naustplassering til eit område utanfor #10. Denne plasseringa vart ikkje tilrådd av fylkesmannen og søknaden om endra plassering vart trekt. I ny søknad er det ein føresetnad at nausta skal plasserast innanfor angitt området i godkjent kommunedelplan. Det går fram av utsnitt nedanfor at det er gjort vurderingar i forhold til strandsonevernet ved plassering av naustområde. Kommunen kan ikkje sjå at strandsonevernet vert ytterlegare råka om ein gir løyve til å bygge to naust istadenfor eitt. Ein ser også av ordlyden i forarbeid til kommunedelplan at det for område #10 er snakk om «nausta» i fleirtalsform og det er difor rimeleg å tru at vurderingane også då vart gjort med tanke på oppføring av 2 naust.

Utsnitt frå forarbeid til kommunedelplan:

**Naustområde på Spjøtøy vert flytta, egedomen 83/1**



Flytting av nausta vil innebære eit mindre inngrep i landskapet enn gjeldande plassering. Vika, som nausta er føreslått flytta til, er ikkje i bruk til bading. Det er ei vik lenger sør, som er langt meir solrik, som blir brukt til bading. Flytting vil gjera prosjektet enklare å gjennomføra, med mindre inngrep, blanta anna fordi det er veg heilt ned frå før. Endringa vert sendt på avgrensa høyring.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at forarbeida til den vedtekne kommunedelplanen har teke høgde for etablering av 2 naust innanfor #10 og at det kan førast opp 2 naust innan det arealet som er sett av til spreidd naustbygging i kommundeplanen.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

**Lenke til innsyn:**

[https://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak\\_detaljer&arkivsakid=2019001570&](https://innsyn.sing.no/Lindas/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=arkivsak_detaljer&arkivsakid=2019001570&)